



DEN NORSKE KYRKJA

Ål kyrkjelege fellesråd

Møtebok

Ål kyrkjelege fellesråd

Møte 07.10.2025

Møtestart: Kl 18:15 Ål kyrkjestugu

Møteslutt: Kl 20:00

Til stade:

Medlemer: Inger Haug (Leveld), Liv A. Solberg (Leveld), Frøydis Stoveland Dekko (Torpo), Kari Kristine Flatland (Torpo), Audun Vestenfor (Ål), Anne Kjersti Frøyen (Ål), Ingrid K. Hajem (Ål), Kristoffer Lønning Tørresen (setteprost), Solveig Løkensgard Arnegard (komm.repr).

Varamedlem: Wenche Skår-Ekse (vara Ål)

Andre: Kristoffer Krohn Sævre, sekretær

Forfall: Arild Øystese Hansen (Ål), Camilla Osnes (prost permisjon)

SAKSLISTE:

FR-sak 34/25: Godkjenning av referat frå møtet 09.09.25 og innkalling 07.10.25

FR-sak 35/25: Oppfølging budsjett 2026

FR-sak 36/25: Investeringsbudsjett 2026

FR-sak 37/25: Feil i feriepengar 2023

FR-sak 38/25: Oppfølging ny diakon

FR-sak 39/25: Videreføring av mellombels stilling

FR-sak 40/25: Forbud av ein type gravlykter

FR-sak 41/25: Orienteringssaker

FR-sak 42/25: Personalsituasjonen – oppdatering

FR-sak 43/25: Opning av ny minnelund

FR-sak 34/25: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE 09.09.25 OG MØTEINNKALLING 07.10.25

Saksdokument:

Møtebok frå møtet 09.09.2025

Saksopplysningar:

Møtebok frå møtet i Ål kyrkjeleg fellesråd i møte 09.09.2025 vert lagt fram for eventuelle korrigeringar og til godkjenning.

Møteinnkallinga for møtet 07.10.2025 er lagt fram for godkjenning.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 07.10.2025

VEDTAK :

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner møteboka frå 09.09.2025.

Ål Kyrkjelege Fellesråd godkjenner innkallinga til møtet 07.10.2025.

FR-sak 35/25: OPPFØLGING BUDSJETT 2026

Saksopplysningar:

Kyrkjevevja har sidan septembarmøtet ikkje hatt høve til å utarbeide ei synliggjeriing av mogelege tiltak ved eventuelt redusert budsjett og ber om at saka vert handsama i novembarmøtet. Innan november kan fellesrådet også rekne med å ha motteke signal frå kommunen om budsjetttramme for 2026.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 07.10.2025

VEDTAK :

Fellesrådet takker for oppdateringa og utset vidare behandling til novembarmøtet.

FR-sak 36/25: INVESTERINGSBUDSJETT 2026

Saksdokument:

Vedlegg 1: FR-sak 19/25: INVESTERINGSBEHOV 2025 -2027

Saksframlegg:

Vedlagt utkast til investeringsbudsjett baserer seg på allereie handsama utkast over investeringsbehov 2025-2027 som Fellesrådet behandla 27.05.2025. Planen inkluderte fylgjande tiltak og kostnader:

- Kopple Leveld kyrkje på kommunalt kloakkanlegg (pålegg med frist 01.10.2026): **596,000 + mva.**
- Gjere ei utgreiing/analyse på nødvendig arbeid på taket i Leveld kyrkje: **200,000**
- Reparere takstein på Ål kyrkje: **100,000**
- Skrape/sandblåse og måle Leveld kyrkje: **1,000,000**
- Måle Ål kyrkje: **1,030,000**

I tillegg definerer staben fylgjande behov som bør inkluderast allereie i 2026:

- Lyssetting i Ål kyrkje: **200,000?**
- Glasmåleri bak alteret i Leveld kyrkje – sikring (ikkje full restaurering): **75,000**

Nokre av tiltaka er høgst nødvendige, og andre tiltak er mogeleg å utsette. Men dess lenger ein utset, dess verre blir tilstanden og med det vil også framtidig investeringskostnad auke – og kyrkjene vil gradvis forfalle. Akasia sine rapportar frå 2024 antyda ei samla investeringskostnad på 30 millionar for dei 3 kyrkjene våre. Signala frå kommunen er at me ikkje kan rekne med ei slik størrelse på investeringstilskot. Fellesrådet bør leggje seg på eit realistisk og nøkternt nivå som ivaretek kyrkjene ut ifrå dei rammevilkår me kan forvente. Ål kyrkje og Torpo kyrkje kan også søke om støtte frå kyrkjebevaringsfondet, og det er naturleg å inkludere nokre av dei nødvendige tiltaka i ein slik søknad. Dei nemnde tiltaka utgjer eit samla investeringsbudsjett på 3,135 millionar i 2026. I tillegg ser Fellesrådet det nødvendig at kommunen fortset det årlege investeringstilskotet på 450,000 til fortløpande investeringsbehov slik at mindre reparasjonar og investeringar kan leggjast inn i driftsbudsjettet.

Drøfting:

Kan det vurderast alternativt toalett i staden for kommunalt tilkopling i Leveld?

Aksepterer kommunen at det plasserast på investeringsbudsjettet?

Leveld: Flasser også på innsida av koret

Kirkebevaringsfondet kan gi støtte til noko – kan tilseie ein eventuell reduksjon frå kommunens investeringsstøtte.

Leveld står ikkje listeført per i dag. Eksempel: Å sikre glasmaleriet kan me i teorien få nei til viss kyrkja blir listeført, så listeføring kan ha sine utfordringar.

Viss arbeidet gjerast av eigne folk kan man få rimelegare material. Vurder om det kan gjerst i desse tiltaka.

Det vert også nevnt eit ynskje frå ein enkeltperson om å ta Ål kyrkje tilbake til kvit farge slik den var fram til ca 1958. Når skal samtalen tas? Kyrkjeverja vil gje respons.

Er det aktuelt å gjere noko på dugnad?

Forslag til investeringsbudsjett er relativt nøkternt og med åpenbare og synlege behov håper me på tilskudd frå kommunen.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 07.10.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet vedtek framlagt investeringsbudsjett på 3,2 millionar og ber kyrkjeverja fortsette dialogen med kommunen om investeringsbehova, inkludert mogeleg støtte frå kyrkjebevaringsfondet.

FR-sak 37/25: FEIL I FERIEPENGER 2023

Saksframlegg:

Revisor har oppdaga feil i feriepengeutbetalinga gjort i 2023 – ut ifrå 2022-løna. Feilen medførte at 12 tidlegare og noverande tilsette fekk for lite feriepenger utbetalt i 2023. Økonomiavdelinga har gjeve beskjed om at feilen vil rettast opp i oktoberløna 2025 for å få dette riktig. Utbetalinga vil medføre ein ekstrakostnad på 2025-reknskapet på til saman 36,463 kroner.

Drøfting:

Viss det er regnskapsavdelinga som har gjort feil – går det an å spørje om dei kan ta rekninga eller deler av den?

Aktuelt å fordele kostnaden over to år? Utbetalinga vert uansett gjort denne månaden.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 07.10.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet tek saken til orientering.

FR-sak 38/25: OPPFØLGING NY DIAKON

Saksframlegg:

Diakonstillinga vart lyst ut, og utav 3 søknader var berre ein søker formelt sett kvalifisert. Den innstilte kandidaten takka nei til stillinga. AU anbefalar å lyse ut stillinga på ny, men med tanke på begrensa budsjettrammer og det faktum at me fekk få søkjarar, anbefalast det å lyse ut ein meir spissa utlysningstekst, det bør og nemnast redusert stillingsstørrelse, og me bør opne for å tilsette diakonimedarbeidar viss me ikkje får utdanna diakonar på søkjarlista. AU ser det mogeleg å opne for at eksisterande stab kan fylle deler av stillinga, og anbefalar at kyrkjeverja som personalleiar gjer den dialogen og vurderinga. Fellesrådet bør i så måte ta stilling til det prinsipielle i forslaget om gå bort ifrå kravet om formell utdanning, noko som kan innebere at me ikkje får ein vigsla diakon. Bispedømmet har gitt signal om at det er mogeleg å søkje om mellombels støtte til ei slik stilling også om det ikkje blir ein vigsla diakon.

Drøfting:

Ein fulltidsstilling vil vere krevjande økonomisk.

Det er eit ynskje om å lyse ut fulltid stilling, men det vil medverke til eit stramt totalbudsjett for samla stab og antalet årsverk med har budsjett til.

Bør opne for å opne for deltidstilling – for å la folk utnytte sin restkapasitet.

Stillingsutlysninga bør forsøke å ha «gulrøter» på kva stillinga kan innebere. Diakoniplanen er open for endring – bør kome fram. Bør kome fram ein retning for kva vi vil med diakonien.

Strukturen jobb/fritid kan vere attraktiv å få fram.

Utlysninga må gjenspegle at det er ein diakon me søker etter.

Lyse ut «minimum 50%»?

I samla vurdering bør det setjast opp ei oversikt over årsverk. Dette er gjort tidlegare også.

Kva gjer at det er diakonistilling som står på spel? Er det tilfeldig eller bevisst ynskja? Me er pressa økonomisk og det er ein tilfeldig vakanse som gjer at me no diskuterer diakonstillinga, ikkje eit strategisk val. Det er lettare å diskutere ein vakant stilling enn å vurdere nedskjeringar. Ein mogeleg fare/konsekvens med deltidsstilling kan bli at det er vanskeleg å etablere ei full diakonstilling igjen. Kva for ressursar treng me for å ivareta oppgåvene me ynskjer? Har me gjort utredninga som trengs? Bør me ta ein ny runde med totaloversikt og årsverk før me lyser ut? På set og vis oppgåva til kyrkjevevja som personalleiar. Korleis kan eksisterande ressursar fordelast til å fylle nokre av diakonibehova, til dømes.

Det er eit samstemt ynskje om å få på plass ein diakon til det utadretta arbeidet.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 07.10.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringa og støtter forslaget om å lyse ut stillinga med opning for å tilsette diakonimedarbeidar.

FR-sak 39/25: VIDEREFØRE MELLOMBELS STILLING

Saksframlegg:

Fellesrådet vedtok i 2024 å opprette ein 20% mellombels stilling som menighetsarbeidar for å jobbe med barn og unge. Avtalen vart forlenga til 31.12.2025 «med mogeleg forlenging» og er per oktober 2025 ein sentral del av arbeidet med barn og unge og familiar. Fellesrådet har midlar til disposisjon på kontoen «Gjevarkonto ungdom» til ei slik delstilling utover 2025, og kyrkjevevja anbefalar at stillinga blir forlenga til å vare til 31.12.2026. Kyrkjevevja ber også fellesrådet om mandat til å gjere stillinga fast viss mogeleg ut ifrå tilgjengelege midlar og stillingsinstrukser.

Drøfting:

Gjevarteneste trengs – mogeleg å relansere behovet for gjevarteneste? Midlene vil ta slutt etter kvart.

Nokre av de ynskja aktivitetane er allereie lagt inn i gudstenestelista.

Vurder om det skal gjerast som intern utlysing.

Kan sjåast i samband med det diakonale arbeidet med familiar.

Midlertidig stilling i meir enn et halvt år lovleg? Lovverket må sjekkast og ivaretas.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 07.10.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringa og gjev kyrkjevevja mandat til å forlenge arbeidskontrakten i tråd med lovverket, og om mogeleg gjere det om til ei fast stilling.

FR-sak 40/25: FORBUD MOT EIN TYPE GRAVLYKTER

Saksframlegg:

Lause gravlykter med metallokk utgjer ein fare for dyr då skjører og andre fuglar dreg dei utover for å få tak i stearin, og metallet kan hamne i dyreforet. Faren er særleg stor der det er landbruksområde rundt gravplassane. Over 30 kommunar har til no innført forbod mot lause gravlys:

[Ber om at disse gravlysene ikke selges i Norge – NRK Trøndelag – Lokale nyheter, TV og radio](#)

Kyrkjevevja anbefalar at fellesrådet vedtek eit generelt forbod mot lause gravlykter.

Drøfting:

Forbod må kommuniserast og forklarast, og det må informerast at lause lykter vert fjerna.

Opplysningsplikt – til media, kyrkjebladet, og til leverandørar for kva som er mogeleg og tillate lykter. Staben må hjelpe folk med kva som kan vere alternativet. Vurder å tilby informasjon der dei sel gravlykter.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 07.10.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet vedtek eit forbod mot lause gravlykter på gravplassane i Ål kommune og ber kyrkjevevja fylgje opp med informasjon på gravplassane.

FR-sak 41/25: ORIENTERINGSSAKER

Saksframlegg:

a) Varmeanlegg: Energibrønnane er ferdig bora, fyrrommet til varmesentralen er gjort klart i kjellaren til kyrkjekontoret, og røra bort til kyrkja er grava og lagt klare. Riksantikvaren og biskopen godkjende arbeidet 16/9 med nokre føringar og anbefalingar på farge, røyrføring, holtaking og skap til styringssystem. I tråd med anbefalingane har me bestilt viftekonvektorar med standard gråfarge frå leverandøren, og arbeidet inne i kyrkja vil ikkje starte før me veit at konvektorane er klare. Det elektriske arbeidet er lagt ut på anbud og tre firma vil levere sine anbud innan 8. oktober. Leveringstida på konvektorane er ein x-faktor som kan forårsake noko forsinka sluttdato for anlegget. Elles går arbeidet som planlagt.

Drøfting:

Mogelig å spørje om elektrikar kan gjere lysarbeidet også? Kyrkjevevja vil sjekke ut. Nedetid utan varme? Sannsynlegvis 2 veker. Mål om at det ikkje skal hindre aktivitetane, men at kyrkja blir midlertidig oppvarma før aktivitetar i dei to vekene.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 07.10.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringane.

FR-sak 42/25: PERSONALSITUASJONEN - OPPDATERING

Saksframlegg:

Fellesrådet har lagt inn ei fast orienteringssak om personalsituasjonen i kyrkja.

Prosten om prestesituasjonen.

Begge prestar på plass i Hol og Ål. Prostistillinga vil lysast ut på nyåret. Me planlegg eit møte med prestar og kyrkjevevjer – kva ynskjer me med prestestillinga som skal lysast ut.

Kyrkjevevja om anna stab ved kyrkjekontoret.

Staben er ein god stad så langt me kan sjå, dei gjer ein god jobb og ser ut til å trivast.

Medarbeidarundersøking i oktober – resultata skal jobbast med i november.

Planlegg medarbeidarsamtalar dei neste vekene.

Økonomien generelt er ikkje romsleg, og lønn er ein vesentleg del av kostnadene våre. Ikkje ynskje om å gjere grep som berører stab, samtidig som me i eit realistisk perspektiv ikkje kan utelukke det i komande år viss kostnadene aukar mens budsjetttrammene og tilskotet ikkje blir auka.

Opplever at ting er i god flyt.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 07.10.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet takker for orienteringa.

FR-sak 43/25: OPNING AV NY MINNELUND

Saksframlegg:

Fellesrådet markerte ny minnelund 7. oktober kl 16 med ordføraren til stades.

Drøfting:

Fin opning. Vil kome bilete og tekst i neste kyrkjeblad.

Kom spørsmål om lyssetting og blomar ved minnelund – noko me må sjå på. Blomar til våren – lyssetting mogeleg allereie no? Fellesrådet har prata om det tidlegare. Kyrkjeverja bes om å sjekke ut krav og mogelege løysingar.

Kom også innspel på om det er vurdert gjerde eller ei avgrensing ned mot skråning.

Ål kyrkjelege fellesråd i møte 07.10.2025:

VEDTAK:

Fellesrådet markerte ny minnelund 7. oktober kl 16 med ordføraren til stades.

Neste møte: 11. november 2025